

**UNIVERSITETET I OSLO**  
**DET MATEMATISK- NATURVITENSKAPELIGE FAKULTET**

*Landbruksdepartementet*

**Biologisk institutt**  
Avdeling for botanikk og plantefysiologi

2003 03044 31

Postboks 1045, Blindern  
0316 Oslo  
Kristine Bonnevies hus

ASR/JCR/IAA 782

Telefon: +47-22 85 44 73  
Telefaks: +47-22 85 46 64  
E-MAIL: klaus.hoiland@bio.uio.no



16. februar 2004

Eg har fått tilsend "Forslag til ny Lov om skogbruk (skogbrukslova)" utkast 10.12.2003 til høyring på vegne av Biologisk institutt, Universitetet i Oslo.

Min faglege ståstad økologi og biologisk mangfold tilseier at eg vil konsentrere meg om desse vinklingane i min vurdering av lovutkastet.

I hovudsak er dette ei lov som tek føre seg skogen som produktiv skog, men med nokre omsyn til miljøvern og biologisk mangfold.

Positive merknader:

§ 1. Her står det i klártekst "... å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet,..."

§ 4. Her er det bra at skogeigaren plikter står i klártekst: "Skogeigaren skal ha oversikt over og plikter å ta omsyn til miljøverdiane ved alle tiltak i skog. Dette miljøansvaret kan føre til at nokre tiltak i skogen ikkje kan gjennomførast. Skogeigaren har òg ansvaret for at dei som gjer arbeid i skogen rettar seg etter lova, forskriftene og miljøansvaret."

§ 5. Eg er glad for at følgjande setning er lagt til: "Oversikter over miljøverdiane som kjem fram gjennom skogbruksplanlegginga skal vere offentlig tilgjengelege." Tidlegare har det av og til vore vanskeleg for biologar og naturforvaltarar å få tilgang på data om t.d. raudlista artar og nøkkelbiotopar fordi lokale skogeigarar eller skogstyre har holde rapportar tilbake "av omsyn til eigarens økonomiske skogressursar". Dette må òg gjelde rådata frå utgangsundersøkinga, som desse rapportane byggjer på.

§ 6. Eg helsar med glede at det nå slås til lyd for meir måtehald når det gjeld nyplanting, gjødsling, grøfting, skifte av treslag, bruk av framande treslag m.m.

UNIVERSITETET I OSLO  
DET MATEMATISK- NATURVITENSKAPELIGE FAKULTET

§ 7. Når det gjeld vegbygging i skog, er eg glad for restriksjonane som ligg i denne paragrafen. "Planlegging og bygging skal skje på ein måte som tek omsyn til viktige miljøverdiar og som sikrar landbruksfaglege heilskapsløysingar..."

§ 8. Dei same omsyna er òg tatt når det gjeld hogst og måling. "... samstundes som det blir tatt omsyn til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturverdiar." Det er òg bra at det no vert pålagt kommunen å nekte eller setje vilkår for korleis hogst skal gjennomførast.


§ 12. Ordet vernskog blir no tydelegvis utvida til ikkje berre "vern for annan skog", men òg sárbar skog i høgda eller ut mot havet.

§ 13. Skogområde med viktige miljøverdiar vert no handsama i ein paragraf, der det er departementet som med forskrift kan fastsetje om det skal leggjast særskilte restriksjonar på behandlinga av skog med spesielt viktige miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap m.m. Og at desse restriksjonane kan gå ut over dei restriksjonane lova elles gir heimel for.

Negative merknader:

Som allereie nemnt er eg nøgd med at det er tatt omsyn til biologisk mangfald og andre miljørelaterte forhold i skog. Men eg saknar ein større detaljeringsgrad når det gjeld dei miljøfaglige forholda. Det står riktig nok om biologisk mangfald, men dette omfattar genetisk-, arts- og økosystemmangfald, med andre ord like omfattande som omsyna landskap, friluftsliv og kulturverdiar til saman. Når det gjeld økosystemmangfald, tykkjer eg at det er synd at ikkje skogen vert behandla i eit meir overordna perspektiv, t.d. at moderne ressursplanlegging og landskapsøkologiske metodar etablerast. Eg er samd i at skogbrukslova i hovudsak er ein "produksjonslov", men eg tykkjer at produksjon er satt for mykje i førarsetet i forhold til økologiske og miljøfaglege omsyn. Og eg hadde venta ein meir moderne tankegang når først ei ny skogbrukslov skal fremjas. Vidare nemnes ingen ting spesifikt om raudlisteartar og nøkkelbiotopar. Når vi veit kor vesentlege desse indikatorane er i moderne kartlegging og overvaking av skog, skulle desse vere nemnt særskild, t.d. som punkt under § 4, 5, 6, 7 og 8. Det burde òg verte fremja eit forbod mot planting av framande treslag i norsk skog.

Med helsing

  
Klaus Høiland

Klaus Høiland

På vegne av Biologisk institutt, UiO